



Gamlekiosken på Heio kjem no til nytte på det nye motorsportsenteret.

På Spar Cup sist søndag gjekk salget strykande i den nye kiosken som er innreia i klubbhuset på Heio. Mange har nok for lengst lagt merke til at den gamle kiosken ved inngangspartiet som har gjort trufast teneste i mange år, er fjerna. Men den er slett ikkje pensjonert! No gjer den teneste på motorsportsenteret i nærleiken av Matre-krysset.

Etter at nyekiosken var klar, fekk gamlekiosken seg ein [luftig tur i vinterstormane i januar](#). Det var alt då bestemt at den skulle flyttast. Heldigvis vart det ikkje store skader, og den vart så transportert til det nye motorcrossenteret ved Fuglatjønn nær krysset ned til Matre. Der er den no plassert, og den er til god nytte på dette nye anlegget som er svært populært, og utvidar aktivitetstilbodet for Kvinnheradsungdommane.

Ein finn mykje interessant stoff om aktiviteten i motorsportsenteret på facebookside Kvinnherad motorsportklubb.

Tekst og nett: Thor Inge Døsland
Foto: Knut Johannes Ripel